

Framande artar Sauda

Dato: [Vel dato]

Versjon: **01**

asplanviak.no

asplan
viak

Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar:	Sauda kommune
Tittel på rapport:	Framande artar Sauda
Oppdragsnamn:	Kartlegging av fremmedarter i Sauda kommune
Oppdragsnummer:	655076-01
Utarbeidd av:	Randi Thomsen
Oppdragsleiar:	Randi Thomsen
Tilgang:	Open

Kort samandrag

Rapport som beskriv funn av framande arter i områder av Sauda kommune, med ein samla vurdering av status for fremmedarter i kommunen og anbefaling for vidare prioritering av tiltak.

Forsidebilde: kjempespringfrø ved Rødstjørna

Alle foto Randi Thomsen

Ver	Dato	Beskriving	Utarb. av	KS
01	29. okt. 2026	Nytt dokument	RT	AT

Forord

Sauda kommune har fått tildelt Natursatsmidler frå Miljødirektoratet for å gjennomføre kartlegging av framande arter. På grunn av få nye og pågåande reguleringsplanar med krav til kartlegging av naturmangfald, har kommunen hatt lite oppdatert info om omfanget av framande arter i kommunen. Kartlegginga gjerast for å auke kunnskapsgrunnlaget om kva framandarter som finst og som spreier seg mest i kommunen, kor dei er spreidde og i kva omfang, slik at kommunen kan iverksette retta tiltak og ta betre vare på naturmangfaldet.

Registreringane blei utført av landskapsarkitekt Randi Thomsen og Henriette P. Eik 8.-11. september 2026 og av Randi Thomsen 22. september 2026. Økolog Anniken Torset har rettleia undervegs og kvalitetssikra rapporten.

Stavanger, 29.10.2026

Randi Thomsen
Oppdragsleiar

Anniken Torset
Kvalitetssikrar

Innhald

1. Innleiing 6

2. Metode 7

2.1. Avgrensing av kartlegging 7
2.2. Registrering 7
2.3. Handtering av forvekslingsartar og usikre artar 8
2.4. Viktige naturtypar 9

3. Utval 10

3.1. Utval av områder for registrering 10
3.2. Utvalde område 11

4. Registreringar og funn per område 15

4.1. Rute 1-4: Lyngmyr skytebane, Saudasjøen 15
4.2. Rute 5-7: Storflåt/Sandvikdalen 17
4.3. Rute 8-15: Amdalsvegen og Rødstjørna 20
4.4. Rute 16-18: Treaskjæret/Treavika 23
4.5. Rute 19-38: Storelva, Sauda 25
4.6. Rute 39-41: Grunnvassbrønnar Austarheim 29
4.7. Rute 40-44: Birkeland sorteringsanlegg 30
4.8. Rute 45-46: Jeskedalen parkering, Espelandsvegen 32

5. Registreringer og funn per art 34

5.1. Framande artar i denne registreringa 34
5.2. Andre framande arter registrert i Sauda kommune 37

6. Forslag til videre prioriteringar for tiltak 38

6.1. Prioriteringar 38
6.2. Kommunal handlingsplan 39
6.3. Tilsyn som verktøy 40

7. Arter og prioriteringar for tiltak 41

7.1. Alaskakornell/sibirkornell 42
7.2. Balsampoppel 43
7.3. Mispelslekta 44
7.4. Hekkspirea/klasespirea/bleikspirea 45
7.5. Buskhyll/rødhyll 46
7.6. Fagerfredløs 47
7.7. Filtarve 48
7.8. Gravmyrt 49
7.9. Hagelupin 51
7.10. Hestekastanje 52
7.11. Buskmure 52
7.12. Honningknoppurt 53
7.13. Haustberberis 54
7.14. Laurbærhegg 55
7.15. Lawsonsypress 55
7.16. Rododendronslekta 55
7.17. Japanspirea 56
7.18. Kanadagullris 57
7.19. Kjempespringfrø 58
7.20. Parkslirekne 60
7.21. Platanlønn 61
7.22. Storsurbær 62
7.23. Rogneple 62
7.24. Blåhegg 63
7.25. Rynkerose 63
7.26. Sibiriris 64
7.27. Sitkagran 65
7.28. Skogskjegg 66
7.29. Snøbær 67
7.30. Stikkelsbær 68
7.31. Sølvtvetann 68
7.32. Såpeurt 68
7.33. Tuja 69
7.34. Vestamerikansk hemlokk 69
7.35. Artar som ikkje er heimehøyrande i Sauda 70

8. Vedlegg 71

9. Kjelder 72

1. Innleiing

Sauda kommune har fått tildelt kr 400 000 i Natursatsmidler frå Miljødirektoratet til å kartlegge framande arter i tettbygde område og tilgrensande randsoner. Kommunen treng ikkje berre ei liste over funn, men eit kunnskaps- og handlingsgrunnlag som viser kvar dei framande artene utgjer størst risiko og kva arter det er snakk om, slik at dei har eit tydeleg grunnlag for vidare prioritering og tiltak.

Ei liste med artsregistreringar har avgrensa verdi i seg sjølv. Kartlegginga er først og fremst eit grunnlag for å hindre spreiing og for videre tiltak og nedkjemping. Framande arter spreier seg særleg gjennom flytting av masser, og dei mest problematiske førekomstane bør difor identifiserast, stadfestast og prioriterast.

Me legg difor vekt på at rapporten skal svare på fire spørsmål:

- **Kva finst, og kor?** Systematisk kartlegging og nøyaktig stadfesting av førekomster av framande arter i tettbygde område og randsoner.
- **Kor stor er risikoen?** Vurdering etter Framandartslista 2023 og Miljødirektoratet si handbok M-982, slik at arter med svært høg (SE) og høg (HI) risiko blir tydeleg prioritert, med artar som spreier seg gjennom massehandtering i fokus.
- **Kor er presset størst?** Ein prioritert oversikt i GIS-kart over dei områda og artene som krev tiltak først, særleg førekomstar nær viktig natur.
- **Kva bør gjerast vidare?** Eit kortfatta tiltaks- og prioriteringsgrunnlag, inkludert omsyn til massehandtering, som kommunen kan bygge vidare tiltak på.

Føremålet med rapporten og kartlegginga er altså ikkje bere sikring av artsregistreringar, men å vera eit kunnskaps- og handlingsgrunnlag for kommunen.

2. Metode

2.1. Avgrensing av kartlegging

Kartlegginga kombinerer metodiske prinsipp frå DN-utredning 4-2012 og element frå NINA sin vidareutvikla overvakingsmetodikk (2018) som er brukt i nasjonale overvakingsprogram: eit risikobasert utval av kartleggingsruter (250 × 250 m) blir peika ut via GIS-analyse, og dei mest sannsynlege rutene blir kartlagt først. Funna er registrerte digitalt og tilgjengeleggjort i Artsdatabankens database Artskart.

DN-metoden legg vekt på risikobasert prioritering, standardisert feltkartlegging og dokumentasjon av førekomst og utbreiing. Desse prinsippa blir brukt, men er i NINA sin metodikk tilpassa ein meir målretta tilnærming med førhandsutval av ruter (250 × 250 m), prioritering av risikoområder og opning for gjentatte registreringar over tid.

Framande arter blir vurderte i tråd med Framandartslista 2023 frå Artsdatabanken, der arter blir plasserte i økologisk risikokategori på grunnlag av ei todelt vurdering av invasjonspotensial og økologisk effekt. Artar i kategoriane svært høg (SE) og høg (HI) blir prioritert i vurderingar og anbefalingar. Me legg vekt på å dokumentera etablerte førekomstar, snarare enn uttømande søk etter enkeltindivid i tidleg etableringsfase. Me har bere registrert førekomstar som punkt, ikkje som polygon med utbreiing. Utbreiing er nemnd i rapport, og er dokumentert med bildar i registreringane.

2.2. Registrering

Alle observasjonar er lasta opp i Artsobservasjoner og gjort tilgjengelege i Artskartet til Artsdatabanken.

Videre er data frå Artskart tatt inn i arc-gis for utarbeiding av diverse kart. Risikokategoriar frå Framandartslista er oppgitt for dei ulike artane som er funne, sjå figur 1 under. I tilfelle der bere slekt er oppgitt og arter har ulik risiko, er lågaste til høgaste risiko oppgitt, for å få fram variasjonen mellom artene.



Figur 1 Risikokategoriar, CC BY 4.0 Artsdatabanken

I dette prosjektet har me ikkje registrert arter som er kategorisert av Artsdatabanken som «NR – ikkje risikovurdert». Dette er blant anna arter som er forvilla i norsk natur før 1800, og arter som ikkje er vurdert til å ha stort nok etableringspotensial eller negative økologiske effektar.

2.3. Handtering av forvekslingsartar og usikre artar

Ein del av dei registrerte artane er knyta til usikkerheit ved registrering i Artsobservasjoner. Dette er særleg der det er kjente forvekslingsartar. Ofte har forvekslingsartene tilsvarande eigenskapar og tiltak som gjer at det er mindre viktig å skilje artane når formålet er nedkjemping.

Parkslirekne/hybridslirekne/kjempeslirekne (*Reynoutria sp.*): Artane er svært like, men hybridslirekne blir rekna som noko meir invaderande og vanskelegare å fjerne enn parkslirekne og kjempeslirekne, sjølv om alle tre har same risikokategori i Framandartslista. Bladform og bladstorleik (og håring på bladunderside) skil artane frå kvarandre. Eksemplara me fann vurderte me til å ha høgde og bladstorleik tilsvarande parkslirekne. Sidan det er dei same tiltaka som blir brukte på alle dei tre artane, har me ikkje prioritert å skilje artane i registreringane. Blant anna er observasjonar ved avfallsanlegget gjort på avstand.

Mispelartane: fleire av mispelartane (*Cotoneaster sp.*) har forvekslingsartar. Me var heldige med registreringsperioden som var midt i bærsettinga, noko som er til god hjelp for identifisering.

Haustberberis/vanleg berberis: Haustberberis (*Berberis thunbergii*) er oppført som ein framandart, mens vanleg berberis (*Berberis vulgaris*) har ei lengre historie i Noreg, er funnen naturalisert i Noreg før 1800 og dermed ikkje blir kategorisert som ein framand art. Begge har svært torna buskar. Generelt er vanleg berberis ein større busk enn

haustberberis, og kan elles skiljast på bladkant og forma på blomster- og bærknipper. Me har berre funne og registrert haustberberis under registreringane.

Nokre av artane er ikkje vurdert ned til *ein* spesifikk art, men ned til slektsnivå. Dette gjeld bere dersom artene innafor slekta er vanskelege å skilje, har omtrent like eigenskapar og krev dei same tiltaka. Me har også valt å ikkje nytte underartar i artsnemningane, dersom dette ikkje er avgjerande for risikokategori og nedkjemping. Forenklingar er gjort for følgande artar/artsgrupper:

Buskhyll: Arten som tidlegare blei omtalt som raudhyll har blitt delt i to underartar under namnet buskhyll (*Sambucus racemosa*), der det er små forskjellar mellom underartane. Ein funksjon i Artsobservasjoner gjer at alle registreringar av buskhyll automatisk blir foreslått som underarten raudhyll. Det er difor registrert både buskhyll og raudhyll i området utan at me har lagt vekt på å identifisere underarten raudhyll (*Sambucus racemosa subsp. racemosa*).

Hekkspirea/bleikspirea/kjeglespirea: Desse har svært likt utsjåande og eigenskapar, og er først og fremst identifisert ved ei kvalifisert gjetting ut frå form og farge på blomster og veksemåte. Det er oppgitt usikkerheit ved registrering av desse artane i Artsobservasjoner. Me har ikkje brukt mykje tid på å skilje desse frå kvarandre sidan risiko og tiltak er like.

Alaskakornell/sibirkornell: Artane kan ha svært likt utsjåande og eigenskapar, og er først og fremst skilt frå kvarandre på farge på greiner, samt at alaskakornellen har lettare for å rotslå seg og danne tette kratt. Tiltaka er like for begge artane, og me har ikkje prioritert å skilje desse i registreringane. Dei fleste funna er registrert som alaskakornell.

Sitkagran/Lutzgran: Artane er svært vanskelege å skilje frå kvarandre. Me har registrert alt som sitkagran *(Picea sitchensis),* då tiltaket er det same.

2.4. Viktige naturtypar

Særleg i tiltaksdelen av rapporten bruker me omgrepet «viktige naturtypar» mykje for å avgrense og prioritera kor me anbefaler tiltak. Med dette meiner me raudlista naturtypar og naturtypar med sentral økosystemfunksjon, Naturtypar etter Miljødirektoratets instruks Dokumentasjon av sentral økosystemfunksjon, NINA rapport 1781. Frå 1. januar 2027 skal det komma på plass ein kartbaselag i Naturbase som viser dei raudlista naturtypane, og gjer dei mykje enklare å finne.

3. Utval


3.1. Utval av områder for registrering

Innleiingsvis blei det gjennomført eit møte med kommunen der kommunen identifiserte områder dei ynskja kartlagt. Deretter blei det gjort ei vidare prioritering ut ifrå følgande kriterium:

- områder med størst sjanse for å finna framande arter basert på kunnskap om spreiing, for eksempel lang veg, vassvegar, befolkningstette områdar og kjente områder for masseforflytting/masselagring
- kommunale friområde, områder langs kommunale vegar og langs kommunalt skjøtta stiar
- registrering i ulike områdetypar
- områder i nærleik til vassvegar og massedeponi, då desse er viktige spreiingsvektorar.


Område langs fylkesveg er ikkje prioritert sidan fylkeskommunen har gjort registreringar der nyleg, som ligg inne i Artskart.

Det er registrert frå vegar, stiar og tilgjengelege areal, med hovudvekt på kommunale areal. Det er ikkje registrert i hagar og opparbeida/planta områder, som for eksempel i parkanlegg og plantefelt.



Figur 2 Kartutsnitt kartruter og kommunegrense. Kartlagt område er konsentrert rundt tettbygde områder og randsonar, sjå vedlegg 1

3.2. Utvalde område



Figur 3 Utval av kartruter, sjå vedlegg 2

Det er blitt kartlagt 46 ruter a 250 x 250 m.

- Rute 1-4: Lyngmyr skytebane, Saudasjøen
- Rute 5-7: Storflåt/Sandvikdalen, Saudasjøen
- Rute 8-15: Amdalsvegen og Rødstjørna, Saudasjøen
- Rute 16-18: Treaskjæret/Treavika
- Rute 19-38: Storelva, Sauda
- Rute 39-41: Grunnvassbrønnar Austarheim, Sauda
- Rute 40-44: Birkeland sorteringsanlegg, Sauda
- Rute 45-46: Jeskedalen parkering, Espelandsvegen

3.2.1. Rute 1-4: Lyngmyr skytebane, Saudasjøen

Området blei valt ut fordi det er eit kommunalt område med mange vegar der det er terrenginngrep. Området ligg også nær naturtype av stor verdi ved Brendeåsen - gamal furuskog med ståande daud ved. Her låg det også inne nokre tidlegare funn av framande artar i Artskart.



Figur 4 Kartutsnitt rute 1-4

3.2.2. Rute 5-7: Storflåt/Sandvikdalen, Saudasjøen

Området blei valt ut fordi det er ein kommunal veg med bratte sideareal langs eit bustadområde, som kan vera typiske områder for tømming av hageavfall eller overskotsmassar.



Figur 5 Kartutsnitt rute 5-7

3.2.3. Rute 8-15: Amdalsvegen og Rødstjørna, Saudasjøen

Området blei valt ut fordi det er eit kjent område for framande artar for kommunen, men med ukjent omfang. Førekomstar langs vatn gjev også stor risiko for spreiing nedstraums i vassvegen. Dersom det er førekomstar rundt vatnet kan ein også forvente spreiing i dei kommunale områda langs elva mot fjorden.



Figur 6 Kartutsnitt rute 8-15

3.2.4. Rute 16-18: Treaskjæret/Treavika

Området blei valt ut fordi det er større kommunale områder langs veg, fyllingar mot sjø og gamle industriareal med skrotemark/brakkarealer der framande arter lett kan etablera seg på opne areal, eller frå deponerte overskotsmassar.



Figur 7 Kartutsnitt rute 16-18

3.2.5. Rute 19-38: Storelva, Sauda


Områda er valt på grunn av elva som viktig spreiingsvektor for framande arter, og at det er etablert offentlege stiar og gangvegar langs vassdraget som kommunen har ansvaret for.



Figur 8 Kartutsnitt rute 19-38

3.2.6. Rute 39-41: Grunnvassbrønnar Austarheim, Sauda

Området er valt fordi det er eit kommunaleigd område med restriksjonar på grunn av grunnvassbrønnar for drikkevatn, der det har vore ein del anleggsarbeid og flytting av massar. Området grenser ned mot elv og areal som er registrert som verdifulle naturtypar – hagemark, naturbeitemark og gamal furuskog med ståande daud ved, alle av stor verdi. Området grensar også til eit stort utbyggingsområde for kraftindustri, med utfyllingar mot området.



Figur 9 Kartutsnitt 39-41 (nordside av elv)

3.2.7. Rute 40-44: Birkeland sorteringsanlegg, Sauda

Området er valt fordi det er eit kommunalt sorteringsanlegg som mottek både hage-/parkavfall og infiserte massar, som kan spreie seg til områda rundt. Området ligg nært til vassdrag som er ein viktig spreiingsvektor, og der det er registrert verdifulle naturtypar nedstraums.



Figur 10 Kartutsnitt 40-44 (sørside av elv)

3.2.8. Rute 45-46: Jeskedalen parkering, Espelandsvegen

Området er valt fordi det er ein kommunal parkering antatt opparbeida med fyllmassar som er innfartsparkering til turområde/naturområde som ligg grisgrendt til. Området blei valt ut fordi det skil seg frå resten av utvalet med mindre sentral plassering. Veg og parkering er bygd med fyllmassar, og er lett tilgjengelege for tipping av massar.



Figur 11 Kartutsnitt 45-46


4. Registreringar og funn per område

4.1. Rute 1-4: Lyngmyr skytebane, Saudasjøen



Figur 12 Lyngmyr skytebane, foto: Randi Thomsen

Norsk namn	Vitskapleg namn	Risikoklasse	Funn
bulkemispel	*Cotoneaster bullatus*	SE	7
Buskhyll/raudhyll	*Sambucus racemosa/subsp. racemosa*	SE	3
hestekastanje	*Aesculus hippocastanum*	HI	1
klasespirea	*Spiraea × billardii*	SE	1
parkslirekne	*Reynoutria japonica*	SE	2
platanlønn	*Acer pseudoplatanus*	SE	45
vestamerikansk hemlokk	*Tsuga heterophylla*	SE	4



Figur 13 Kartrute 1-4 markert i blått, med registrerte observasjonar Raude markeringar er tidlegare funn i Artsobservasjoner.

I heile området var det oppslag av platanlønn (*Acer pseudoplatanus*), og ein del buskhyll, (*Sambucus racemosa*). Det var også mykje oppslag av barplanter spreidd frå plantefelta rundt skytebanen – inkludert vestamerikansk hemlokk, (*Tsuga heterophylla).* Øvst i nordvest var det nokre store bøketrær *(Fagus sylvatica)* med frøplanter, men me er usikre på om desse opprinneleg er planta i samband med skogsdrift eller liknande. Arten er ikkje framandart i Noreg, men ikkje heimehøyrande i Sauda. Langs lysløypa mot nord og aust var det nokre bulkemisplar (Cotoneaster bullatus).

To stader på nordre del av skytebanen blei det funne parkslirekne (*Reynoutria japonica*), på eit tippområde. Ved parkeringsplassen var det ein del bulkemisplar (*Cotoneaster bullatus*), platanlønn (*Acer pseudoplatanus*), og ein mindre hestekastanje (*Aesculus*

hippocastanum). Ved tipp/snuplassen tvers over vegen frå parkeringsplassen blei det funne klasespirea (*Spiraea x billardii*).

Langs skiløypa ved Brendeåsen, nær furukollane av gamal furuskog med ståande daud ved (naturtype av stor verdi, NiN) var det ein del granplanter (*Picea abies)*, som har spreidd seg frå plantefelta (ikkje framandart, men bør vere obs pga. nær viktig naturtype), og ein del oppslag av platanlønn (*Acer pseudoplatanus),* og vestamerikansk hemlokk (*Tsuga heterophylla)*.

4.2. Rute 5-7: Storflåt/Sandvikdalen




Figur 14. Til venstre: Gravmyrt i skråning mot bekk. Til høgre: hageavfallstipp med Fagerfredløs langs kommunal veg

Området Storflåt/Sandvikdalen er del av eit bustadfelt, og mange av funna er tydeleg knyta til hageutkast og spreiing frå hagar. Langs skråning ned mot bekk var det store areal med gravmyrt (*Vinca minor)*. Me trur det også er eit større felt med gravmyrt på flaten nedanfor skråninga, men området var lite tilgjengeleg. Me fann også sibiriris (*Iris sibirica*) fleire stader. Langs vegen var det ein del honningknoppurt (*Cyanus montanus*) som har spreidd seg frå hagar like ved. Det var mykje platanlønn (*Acer psedoplatanus*) i skogen, også ein del større tre. Plantefelta blei ikkje registrert. På brakkmark/sideareal i sving var det ein førekomst av hagelupin. I grense mot tomt var det klasespirea (*Spiraea x billardii*). Buskhyll (*Sambucus racemosa*), platanlønn (Acer pseudoplatanus) og mispel (*Cotoneaster sp.*) var det mykje av langs fjellskjeringane og skråningar langs vegen. Elles var det ein del

japanspirea (*Spiraea japonica*), særleg langs den høye fjellskjeringa. I yttersvingen nedst på kommunal eigedom var det også nyleg tippa hageavfall, og det var også førekomst av fagerfredløs, (*Lysimachia punctata)*. Heilt i ytterkant av kommunal eigedom var det filtarve, (Cerastium tomentosum), som var i ferd med å spreie seg frå nabohagen og ut i vegskuldra.

Norsk namn	Vitskapleg namn	Risikoklasse	Funn
bulkemispel	*Cotoneaster bullatus*	SE	4
Buskhyll/raudhyll	*Sambucus racemosa/subsp. racemosa*	SE	1
fagerfredløs	*Lysimachia punctata*	SE	2
filtarve	*Cerastium tomentosum*	SE	1
gravmyrt	*Vinca minor*	SE	3
hagelupin	*Lupinus polyphyllus*	SE	3
honningknoppurt	*Cyanus montana*	SE	3
høstberberis	*Berberis thunbergii*	SE	1
japanspirea	*Spiraea japonica*	PH	8
klasespirea	*Spiraea × billardii*	SE	2
krypmispel	*Cotoneaster horizontalis*	SE	1
platanlønn	*Acer pseudoplatanus*	SE	11
sibiriris	*Iris sibirica*	PH	1
sprikemispel	*Cotoneaster divaricatus*	SE	1



Figur 15 Kartrute 5-9 med registreringar

4.3. Rute 8-15: Amdalsvegen og Rødstjørna





Figur 16 Venstre: kjempespringfrø dekker store deler av beitemarka ned mot sjøen Høgre: spirea ved parkering

Norsk namn	Vitskapleg namn	Risikoklasse	Funn
bulkemispel	*Cotoneaster bullatus*	SE	2
Buskhyll/raudhyll	*Sambucus racemosa/subsp. racemosa*	SE	4
fagerfredløs	*Lysimachia punctata*	SE	1
hagelupin	*Lupinus polyphyllus*	SE	2
hekkspirea	*Spiraea salicifolia*	HI	4
haustberberis	*Berberis thunbergii*	SE	8

kanadagullris	*Solidago canadensis*	SE	1
kjempespringfrø	*Impatiens glandulifera*	SE	51
koreabronseblad	*Rodgersia podophylla*	PH	1
lawsonsypress	*Chamaecyparis lawsoniana*	LO	1
parkrhododendron	*Rhododendron* spp.	SE	1
platanlønn	*Acer pseudoplatanus*	SE	25
rogneple	*Malus sargentii var, toringo*	SE	1
sibiriris	*Iris sibirica*	PH	2
skogskjegg	*Aruncus dioicus*	SE	2
sølvtvetann	*Lamiastrum galeobdolon* subsp. *argentatum*	HI	1
tuja	*Thuja occidentalis*	HI	1

Særleg nordenden av vatnet, frå Slettebakken til Amdalsrød/Tjødnarød har enorme mengder kjempespringfrø (*Impatiens glandulifera*). Langs golfbanen på sørsida og langs vestsida av vatnet er det nokre enkeltfunn, primært i kanten på vatnet.

Det er fleire funn av hekkspirea rundt kanten langs heile vatnet, langs bekker og i skråning over parkeringsplassen v/golfbanen. Førekomstane har alle ein god størrelse, og ser ut til å spreie seg med utløparar til tette kratt – difor antar me at det er hekkspirea framfor andre forvekslingsartar med anna spreiingsmønster.

Ved Amdalsrød var det to stader med funn av kanadagullris (*Solidago canadensis*). Det var nokre enkelttre av platanlønn, (*Acer pseudoplatanus*), men mykje oppslag av platanlønn jamt spreidd rundt heile vatnet. Ikkje alle førekomster blei registrert på grunn av stort antal småplanter. Haustberberis (*Berberis thunbergii*) blei funne fleire stader, blant anna langs bekken ved Slettebakken. Ved bru på Amdalsrød blei det registrert ein bulkemispel (*Cotoneaster bullatus*). Fleire stader langs stien vaks store grantre. Fagerfredløs (*Lysimachia punctata*), blei funne på parkeringsplassen ved golfbanen.

Langs Amdalsvegen var det nokre funn av hagelupin (*Lupinus polyphyllus*). Det var for det meste små frøplanter, berre ei plante med frø blei observert. Langs Amdalsvegen ble det gjort funn av skogskjegg (*Aruncus dioicus*). Det var noko uklart om funna var planta eller spreidd seg på grunn av nærleik til bygg.

Ved krysset Amdalsvegen/golfbanen er det eit område med svært mykje hageutkast/hageplanter. Me var usikre på om området var ein del av kommunalt areal ved registreringa, og gjorde difor berre ei delvis registrering av artane. Me såg ikkje teikn til at desse plantene hadde spreidd seg vidare, men kommunen bør vere obs på eventuell spreiing frå dette arealet sidan det ligg i tilknyting til naturtype rik kulturlandskapssjø, middels verdi (Rødstjørna). På det tilgrensande kommunale området var det ein del buskhyll.

I området rundt golfbanen og Tinghaug er det til dels vanskeleg å sjå kva som er parkanlegg og kva som har spreidd seg på eiga hand. Det er spesielt store mengder hekkspirea, kjempespringfrø, fagerfredløs og sibiriris i dette området, og til dels også i sidevegane ut frå området.

Langs bekken frå Rødstjørna sørover langs Amdalsvegen er det store mengder med kjempespringfrø. I skråningane langs vegen er det også større og mindre førekomstar, men det er tydeleg av planta spreier seg ut frå vassvegane. Sjå også notat frå Ryfylke vassområde «Kartlegging av kjempespringfrø – Saudasjøen», vedlegg 2. Notatet beskriv resultat frå kartlegging av kjempespringfrø nedstraums for kartleggingsområdet i denne rapporten, og viser at arten er godt etablert i området. Notatet konkluderer med at vassdraga truleg er den viktigaste spreiingsvegen, og at det er risiko for vidare spreiing dersom ein ikkje gjer tiltak.

4.4. Rute 16-18: Treaskjæret/Treavika






Figur 17 Venstre: parkslirekne ved sjøen. Høgre: fagerfredløs på område nedenfor tomt

Norsk namn	Vitskapleg namn	Risikoklasse	Funn
blankmispel	*Cotoneaster lucidus*	SE	1
fagerfredløs	*Lysimachia punctata*	SE	1
filtarve	*Cerastium tomentosum*	SE	1
hagelupin	*Lupinus polyphyllus*	SE	3
japanspirea	*Spiraea japonica*	PH	2
parkslirekne	*Reynoutria japonica*	SE	1
platanlønn	*Acer pseudoplatanus*	SE	4
rynkerose	*Rosa rugosa*	SE	1
skogskjegg	*Aruncus dioicus*	SE	1
sprikemispel	*Cotoneaster divaricatus*	SE	1

Det var eit stort felt av parkslirekne (*Reynoutria japonica)* på toppen av utfylte massar langs sjøen. Det var også ein god del hagelupin (*Lupinus polyphyllus)* i utfyllingsmassane langs sjø. I sideareala langs vegen var det mykje småplanter av japanspirea (*Spiraea japonica).* Mengdene er så store at det ser ut som rester av eit plantefelt, men me har ikkje funne spor av det på gamle flyfoto, så me trur difor det er spreidd frå fyllmassar. I tillegg var det frøplante av laurbærhegg (*Prunus laurocerasus)*, ei lita tue med filtarve (*Cerastium tomentosum*) og ei rekke frøplanter av platanlønn og spisslønn. Ein stor busk med rynkerose (*Rosa rugosa*) og eit større område hagelupin, (*Lupinus polyphyllus*), langs lagerbygg mot veg, var registrert tidlegare og blei gjenfunne.


Promenaden mot nordaust har berre planta fremmedarter og blei difor ikkje registrert.

På nordside av veg blei det registrert mykje sprikemispel (og platanlønn/spisslønn i vegkanten og i skråning/mur. Det var også ei brakk tomt med eit stort felt med fagerfredløs (*Lysimachia punctata*).



Figur 18 Kartrute 16-18 med registrerte funn

4.5. Rute 19-38: Storelva, Sauda



Norsk namn	Vitskapleg namn	Risikoklasse	Funn
alaskakornell	*Swida sericea*	SE	11
balsampoppel	*Populus balsamifera*	SE	10
blankmispel	*Cotoneaster lucidus*	SE	5
bleikspirea	*Spiraea betulifolia*	SE	1
blåhegg	*Amelanchier spicata*	SE	1
bulkemispel	*Cotoneaster bullatus*	SE	45
Buskhyll/raudhyll	*Sambucus racemosa/subsp. racemosa*	SE	85

buskmure	*Dasiphora fruticosa*	PH	1
dielsmispel	*Cotoneaster dielsianus*	SE	4
fagerfredløs	*Lysimachia punctata*	SE	2
hagelupin	*Lupinus polyphyllus*	SE	7
hekkspirea	*Spiraea salicifolia*	HI	1
haustberberis	*Berberis thunbergii*	SE	20
japanspirea	*Spiraea japonica*	PH	4
kanadagullris	*Solidago canadensis*	SE	1
klasespirea	*Spiraea × billardii*	SE	1
parkslirekne	*Reynoutria japonica*	SE	3
platanlønn	*Acer pseudoplatanus*	SE	100
skogskjegg	*Aruncus dioicus*	SE	12
snøbær	*Symphoricarpos albus*	HI	2
spissmispel	*Cotoneaster villosulus*	SE	1
sprikemispel	*Cotoneaster divaricatus*	SE	11
stikkelsbær	*Ribes uva-crispa*	PH	1

Rute 19-21 Ved Åbøland er det ei rekke med balsampoplar som me antar er planta – desse er difor ikkje registrert. Det er fleire småtre som har spreidd seg frå denne plantinga i området rundt Tangen og langs elva rett ved. Det blei ikkje funne balsampoplar i nærområdet oppstraums, nord for hovudvegen. På nordsida av butikkbygget er det ei rekke med platanlønn som me antar er planta, og heller ikkje er registrert. I heile området er det fleire funn av mindre platanlønnetrær, buskhyll og ulike misplar. Enkeltfunn av haustberberis og japanspirea. På nordsida av elva frå Tangen, blei det gjort funn av parkslirekne og hagelupin i tillegg til buskhyll og klasespirea. Nord for brua mot Saudahallen er det eit stort felt med parkslirekne i skråninga mellom elva og plenflaten.

Her er også ein del oppslag av platanlønn og eit større område med hekkspirea. På motsett side mot Åbødalsvegen var det funn av bulkemispel, platanlønn og buskhyll. Langs idrettsbanen ble det registrert eit lite funn av hagelupin.

Rute 22-23 Området ved Andedammen/Sauda minigolf. Randvegetasjonen på nordsida av Andedammen har mange førekomstar av dei same fremmedartane som gjentar seg langs heile arealet frå Haakonsvegen til Veslefrikk barnehage. Ulike misplar, platanlønn, alaskakornell, buskhyll. Det er også noko oppslag av spisslønn (heimehøyrande i Norge, men ikkje i Rogaland). To førekomstar av japanspirea blei funne på skrotmarka i nordre ytterkant av rute 22. Sørvest for hybelhuset var det også noko gråspirea, men det kan også vera rester av parkanlegg. Filtkrossved blei funne i nedre skråninga mellom trebruene. Sør for Veslefrikk barnehage, i vegkanten mot kanalen/øvre dam stod det ei lita gruppe av kanadagullris.

Rute 22-25 Langs elva frå Birkelandsvegen til Brekkevegen. Mot elva var det stort sett oppslag av platanlønn, buskhyll og enkelte misplar. Nokre skogskjegg hadde sådd seg i plastringa mot elva. Enkeltplanter av haustberberis var også fleire stader. På andre sida av kanalen var det gjennomgåande mykje platanlønn, misplar og buskhyll.

Området frå Brekkevegen til Torsvegen nord for kanalen/øvre dam hadde eit stort antal førekomster av platanlønn (hovudsakleg oppslag, ikkje store tre), buskhyll, misplar og alaskakornell. Nokre stader var det førekomster av haustberberis, skogskjegg og hekkspirea. Fagerfredløs var fleire stader langs gjerdet til barnehagen.

Rute 26-31, frå parkeringsplass Gunnarsmoen gravlund via Kastfoss og tursti sørover, samt gangsti frå Brekkevegen via Brekkemoen, forbi Austarheim skule.

I skråning mot gangveg var det svært mykje oppslag av platanlønn. Nedst i bakken var det også ein del buskhyll i tillegg til platanlønn. Langs ståltrappene og stien langs elvekanten var det svært mykje misplar i bergveggene med småplanter langs stien. Buskhyll og platanlønn var også talrike.

Langs heile stien til Brekkevegen var det gjentakande funn av platanlønn (for det meste oppslag, men også nokre større trær), buskhyll, misplar og innimellom noko haustberberis. Alle førekomstane blei ikkje registrert som enkeltpunkt på grunn av mengda. Dei same gjentakande artene var også langs Brekkemoen.

I bakken mellom Brekkevegen og Brekkemoen var det i tillegg til dei gjentakande funna, funn av typiske gamle hageplanter som stikkelsbær og japanspirea. Fleire av desse kan vera hageutkast. Dei blei funne i skråningar, og det blei observert fleire stader der det og var pågåande utkast av hageavfall - utan funn av framande arter.

Rute 32-39 Frå Kastfoss på sørsida av elva, langs Andersengja/Andreasmoen. Ved brua var det ein del skogskjegg. Langs heile strekket var det mykje buskhyll og oppslag av platanlønn, noko mispel og haustberberis. Det var på heile strekket ein del gran. Områder som blei oppfatta som plantefelt blei ikkje registrert. Ved masseuttaket var det eit større område med hagelupin.



Figur 19 Venstre: mispel i bergvegg ved Kastfoss. Høgre: Lupiner i masseuttak

4.6. Rute 39-41: Grunnvassbrønnar Austarheim



Figur 20 Venstre: haustberberis i skråningar Høgre: sitkagranrekke

Norsk namn	Vitskapleg namn	Risikoklasse	Funn
Buskhyll/raudhyll	*Sambucus racemosa/subsp. Racemosa*	SE	2
haustberberis	*Berberis thunbergii*	SE	3
sitkagran	*Picea sitchensis*	SE	2

Området har fleire førekomster av haustberberis (*Berberis thunbergii*), både i skråningar med beitemark og områda langs elva. I heile området er det ein del buskhyll (*Sambucus racemosa)*. Innimellom desse er enkeltindivid av svarthyll (*Sambucus nigra*) som me ikkje har registrert som fremmedart i denne registreringa (ikkje risikovurdert i Framandartslista, forvilla i norsk natur før 1800). Det er planta ei større rekke med sitkagran (*Picea sitchensis)* ved elva – me har kun registrert trea som har spreidd seg frå denne plantinga. Det var også fleire grantre langs elva som har spreidd seg frå granplantinga i naboområde.

4.7. Rute 40-44: Birkeland sorteringsanlegg



Figur 21 Venstre: Parkslirekne på renovasjonsanlegg, høgre: parkslirekne på tippområde

Norsk namn	Vitskapleg namn	Risikoklasse	Funn
Buskhyll/raudhyll	*Sambucus racemosa/subsp. Racemosa*	SE	10
balsampoppel	*Populus balsamifera*	SE	1
fagerfredløs	*Lysimachia punctata*	SE	1
hagelupin	*Lupinus polyphyllus*	SE	1
haustberberis	*Berberis thunbergii*	SE	3
klasespirea	*Spiraea × billardii*	SE	1
parkslirekne	*Reynoutria japonica*	SE	4
platanlønn	*Acer pseudoplatanus*	SE	2

storsurbær	×*Sorbaronia mitschurinii*.	HI	1
snøbær	*Symphoricarpos albus*	HI	1
sprikemispel	*Cotoneaster divaricatus*	SE	1
såpeurt	*Saponaria officinalis*	PH	1

I området nedanfor industriparken var det gamle tippmassar/skrotmassar. Her var det to funn av parkslirekne *(Reynoutria japonica)*. Det ble også funne buskhyll, såpeurt, sprikemispel, fleire klasespirea, haustberberis og ein liten førekomst av snøbær. I skråninga nedanfor sorteringsanlegget blei det registrert parkslirekne, i eit større felt. Seinare fann me også ein stor førekomst med parkslirekne inne på sjølve anlegget, ovanfor skråninga. Nordover langs elva var det noko buskhyll.

Ved hovudvegen/næringsområde var det eit større felt med fagerfredløs (*Lysimachia punctata)*. Klasespirea (*Spiraea x billardii*), ei småplante av balsampoppel (*Populus balsamifera*) og ein busk med storsurbær, *(x Sorbaronia mitschurinii*).



Figur 22 Felt med fagerfredløs, hovudvegen i bakgrunnen


4.8. Rute 45-46: Jeskedalen parkering, Espelandsvegen



Figur 23 Parkeringsplass

Norsk namn	Vitenskapleg namn	Risikoklasse	Funn
Buskhyll/raudhyll	*Sambucus racemosa/subsp. Racemosa*	SE	1
Platanlønn	*Acer pseudoplatanus*	SE	1

Parkeringsplassen har ein del gran spreidd frå plantefelta rundt plassen. Det blei funne eit oppslag av platanlønn (*Acer pseudoplatanus)* bak renovasjonsbygget. Langs vegen nord for parkeringa blei det funne ein buskhyll (*Sambucus racemosa*), på nedsida av ein tipp/utfylte massar frå vegen.



Figur 24 Kartrute 45-46 med registrerte funn, Jeskedalen parkering

5. Registreringer og funn per art

5.1. Framande artar i denne registreringa

Me har registrert 42 ulike framande arter.

Norsk namn	Vitskapleg namn	Risikoklasse	Funn	Kartruter
alaskakornell	*Swida sericea*	SE	10	22, 24, 26
balsampoppel	*Populus balsamifera*	SE	10	19, 20, 21, 22, 25, 44
blankmispel	*Cotoneaster lucidus*	SE	6	18, 19, 22, 25
bleikspirea	*Spiraea betulifolia*	SE	2	7, 24
blåhegg	*Amelanchier spicata*	SE	1	30
bulkemispel	*Cotoneaster bullatus*	SE	63	1, 2, 4, 6, 7, 9, 15, 20-30, 33, 35
buskhyll/raudhyll	*Sambucus racemosa/subsp. Racemosa*	SE	117	3, 7, 14, 15, 20-34, 36, 39, 40, 41, 42
buskmure	*Dasiphora fruticosa*	PH	1	31
dielsmispel	*Cotoneaster dielsianus*	SE	4	24, 25, 29, 34
fagerfredløs	*Lysimachia punctata*	SE	9	6, 7, 14, 18, 25, 43
filtarve	*Cerastium tomentosum*	SE	2	7, 16
gravmyrt	*Vinca minor*	SE	3	6

hagelupin	*Lupinus polyphyllus*	SE	18	6, 7, 11, 14, 17, 20, 21, 31, 33, 42
hekkspirea	*Spiraea salicifolia*	HI	5	10, 11, 14, 21
hestekastanje	*Aesculus hippocastanum*	HI	2	4, 30
honningknoppurt	*Centaurea montana*	SE	4	5, 6
haustberberis	*Berberis thunbergii*	SE	34	7, 10, 11, 12, 14, 15, 22, 24-28, 30, 32, 33, 34, 36, 39, 41, 42
japanspirea	*Spiraea japonica*	PH	12	6, 7, 16, 22, 25, 27
kanadagullris	*Solidago canadensis*	SE	2	9, 22
kjempespringfrø	*Impatiens glandulifera*	SE	43	8, 9, 10, 11, 13, 14, 15
klasespirea	*Spiraea × billardii*	SE	7	1, 4, 6, 15, 20, 44
koreabronseblad	*Rodgersia podophylla*	PH	1	14
krypmispel	*Cotoneaster horizontalis*	SE	1	7
lawsonsypress	*Chamaecyparis lawsoniana*	LO	1	11
laurbærhegg	*Prunus laurocerasus*	HI	1	16
parkrhododendron	*Rhododendron* spp.	SE	1	15
parkslirekne	*Reynoutria japonica*	SE	10	1, 3, 17, 20, 21, 41, 42
platanlønn	*Acer pseudoplatanus*	SE	212	1-10, 13-17, 19-34, 36, 43, 45

storsurbær	×*Sorbaronia mitschurinii.*	HI	1	44
rogneple	*Malus sargentii var, toringo*	SE	1	14
rynkerose	*Rosa rugosa*	SE	1	25
sibiriris	*Iris sibirica*	PH	3	6,15
sitkagran	*Picea sitchensis*	SE	2	41
skogskjegg	*Aruncus dioicus*	SE	13	11, 17, 22, 23, 24, 30
snøbær	*Symphoricarpos albus*	HI	3	22, 24, 41
spissmispel	*Cotoneaster villosulus*	SE	1	24
sprikemispel	*Cotoneaster divaricatus*	SE	13	6, 19, 24, 25, 30, 36, 41
stikkelsbær	*Ribes uva-crispa*	PH	1	26
sølvtvetann	*Lamiastrum galeobdolon* subsp. *Argentatum*	HI	1	14
såpeurt	*Saponiaria officinalis*	PH	1	41
tuja	*Thuja occidentalis*	HI	1	9
vestamerikansk hemlokk	*Tsuga heterophylla*	SE	4	1, 2, 3

Forkortingar for risikoklasse:

- SE = Svært høg risiko
- HI = Høg risiko
- PH = Potensielt høg risiko
- LO = Låg risiko

5.2. Andre framande arter registrert i Sauda kommune

Tabellen under viser framande arter som er registrerte i Sauda kommune som me ikkje fann under våre registreringar. Me leita ikkje aktivt etter eksisterande observasjonar, og valde ut område som det ikkje var gjort grundige registreringar i tidlegare. For nokre av artane kan manglande funn skuldast årstidsvariasjonar.


Norsk namn	Vitenskapleg namn	Risikoklasse
Bergfuru	Pinus mugo	SE
Villvin	Parthenocissus inserta	SE
Hybridlerk	Larix × marschlinsii	SE
Syrin	Syringa vulgaris	SE
Krypfredløs	Lysimachia nummularia	SE
Alaskamjølke	Epilobium ciliatum ssp. Glandulosum	SE
Ugrasmjølke	Epilobium ciliatum ssp. Ciliatum	SE
Hjertebergblom	Bergenia cordifolia	HI
Dagfiol	Hesperis matronalis	HI
Ugrasklokke	Campanula rapunculoides	HI
Klokkeblåstjerne	Hyacinthoides non-scripta	PH
Doggrose	Rosa glauca	PH
Silkebygg	Hordeum jubatum	PH
Gul valmuesøster	Parameconopsis cambrica	PH
Kjempekrage	Leucanthemum × superbum	PH
Påskelilje	Narcissus pseudonarcissus	PH
Duftskjærsmin	Philadelphus coronarius	PH

6. Forslag til videre prioriteringar for tiltak

6.1. Prioriteringar

Tiltak bør prioriterast etter kost-nytte-prinsippet. Korleis får ein mest ut av tiltaket for minst innsats? Prioriteringa kan endre seg undervegs i arbeidet ut frå nye erfaringar og tilgjengelege ressursar. Me føreslår følgande prioritering:

1. Store førekomstar som er enkle å fjerna eller avgrensa, og som har stor fare for vidare spreiing. Dette gjeld særleg kjempespringfrø.
2. Førekomstar som er i eller nær viktige naturtypar, dersom arten kan påverke naturtypen negativt. Eksempel på dette er viktige naturtypar på Brendeåsen og langs Storelva.
3. Førekomstar som er relativt enkle å fjerna. Dette er planter som hovudsakleg spreier seg i avgrensa mengder med frø, og som i prinsippet kan fjernast i ein omgang og ikkje treng omfattande oppfølging over tid. Dette gjeld planter som fagerfredløs (områder under 1 m2), bergfuru, honningknoppurt, skogskjegg, tuja, japanspirea, såpeurt, sibiriris og sitkagran. Det bør også gjelda oppslag av gran, lerk og hemlokk som spreier seg frå plantefelt i område nær viktige naturtypar.
4. Avgrensing av ressurskrevjande/vanskelege førekomstar. Sørge for at dei ikkje spreier seg vidare til andre område. Her er kontroll av masseflytting viktig, og tiltak avgrensar seg til observasjon av randområde for å hindre at arten «hopper» vidare til nye område.
   Dette gjeld planter som parkslirekne og hagelupin men også fagerfredløs i større areal.
5. Enkeltførekomstar som er krevjande å fjerna. Dette er planter som spreier seg med rotbitar og/eller mengder med frø som kan overleve lenge i jorda. Dei kan krevje oppfølging fleire gonger i sesongen og/eller over fleire år. Dette gjeld planter som parkslirekne, hagelupin, rynkerose.
6. Store førekomstar som er vanskelege å fjerna, har stort omfang, står i vanskeleg terreng og krev langvarig gjentakande oppfølging, der kost-nytte-verdien av nedkjemping er låg. Dette gjeld blant anna platanlønn, buskhyll, haustberberis og mispel.




Figur 25 Naturtype frisk lågurtedellauvskog, høg lokalitetskvalitet, Naturbasekart 08.10.26 https://kart.naturbase.no/ Areal som kan vere aktuelt for fjerning av platanlønn, buskhyll og mispel.

For meir om prioriteringar og tiltak på artsnivå, sjå kapittel 7.

6.2. Kommunal handlingsplan

Me anbefaler at det blir laga ein kommunal tiltaksplan mot framande arter, der ein tar stilling til, kva konkrete tiltak som skal gjerast, kven som skal gjera det og når. Tiltak er ikkje nødvendigvis ved fjerning – andre tiltak kan vere meir aktuelle i eit kost-nytte-perspektiv.

Me anbefaler vidare at spreiing av kjempespringfrø i området ved Rødstjørna blir handtert som eit eige prosjekt. Kommunen bør utarbeide ein egen handlingsplan for nedkjemping i samarbeid med grunneigarar og Ryfylke vassområde. Det bør leggast vekt på å unngå spreiing frå Saudasjøen til andre område i kommunen.



Figur 26 Kartutsnitt frå artsdata (28.10.26), alle funn av kjempespringfrø registrert i Sauda

Det bør også lagast ei plukkliste for framande artar/lokalitetar som er enkle å fjerne basert på denne rapporten, for å komme i gong med tiltak utan å bruke for mykje tid på planlegging. Område nær viktige naturtypar bør prioriterast først.

6.3. Tilsyn som verktøy

Kommunen kan føre tilsyn med bedrifter som driv med masseflytting eller annan aktivitet som gjer stor risiko for spreiing av framande artar. Kommunen kan blant anna kontrollere at tiltakshavar har tiltaksplan for framande arter i samsvar med Fremmedartsforskrifta §26 og internkontrollforskrifta §5, men berre dersom det er vilkår for dette i reguleringsføresegner/byggeløyve. Dette kan vera eit viktig verktøy for kommunen for å ha kontroll over spreiing av framande arter, og for å gjere bedrifter oppmerksame på pågåande spreiing av framande arter, då biletet vil endra seg over tid.

7. Arter og prioriteringar for tiltak

Val av tiltak avhenger alltid av lokale forhold, og ein art kan krevje ulike tiltak på ulike stader, eller ein kombinasjon av ulike tiltak for å hindre spreiing. Fjerning er ikkje alltid like enkelt, og ein må ty til andre metodar. Å halde ein førekomst under observasjon er også eit tiltak, stadig nedkutting for å hindre frøspreiing er eit anna. I Miljødirektoratet sin rapport M-2156 om kostnader og nytte ved tiltak mot 65 arter (, er nytteverdien av tiltak mot framande arter vurderte. Rapporten er eit viktig verktøy for å vurdere kost-nytte-effekten av tiltak for desse artane. Fleire av artane har ein i rapport M-1256 som målsetting å fjerne frå område nær raudlista naturtypar.

I dette kapittelet har me lista opp dei ulike artane me har funne, med kart som viser fordeling av funna, saman med tiltak og prioriteringar for kvar art.

7.1. Alaskakornell/sibirkornell



Figur 27 Observasjonar av alaskakornell, Asplan Viak 2026

Alaskakornell (*Swida sericea*) og sibirkornell (*Swida alba*) er begge buskar som er kategoriserte som svært høg risiko (SE) i Framandartslista. Alaskakornell er oppført i Vedlegg I i Forskrift om framande organismar. Vedlegget er betre kjent under namnet «Forbudslista» og er ei liste over plantar som det ikkje er lov å plante i Noreg.


Artane spreier seg med rotslåande greiner og med bær spreidd av fugl.

Målet til miljødirektoratet er å fjerne begge artane frå Noreg. Tiltak vil vera oppgraving, luking/kapping og bruk av plantevernmiddel, og det blir rekna som god kost-nytte-effekt å gjennomføre desse tiltaka.

Prioriteringar for alaskakornell/sibirkornell

1. Fjerne førekomstar nær verdifulle naturtypar
2. Fjerne førekomstar andre stader

7.2. Balsampoppel



Figur 28 Observasjonar av balsampoppel, Asplan Viak 2026


Balsampoppel (Populus balsamifera) er eit lauvfellande tre som er kategorisert som svært stor risiko (SE) i Framandartslista, og er ikkje lov å plante i Noreg. Arten spreier seg med rotskot.

Målsettinga til miljødirektoratet er å fjerne arten i heile landet, og det er ikkje store kostnader forbunde med tiltak. Aktuelle tiltak er ringbarking og hogst kombinert med plantevernmiddel (stubbepensling). Poppelrekkene i Sauda er viktige landskapselement, og har verdi i seg sjølv som store tre.

Prioriteringar for balsampoppel

1. Fjerne førekomstar nær verdifulle naturtypar
2. Skjøtsel rundt eksisterande treplantingar slik at det ikkje spreier seg rotskot ut i naturområde

7.3. Mispelslekta



Figur 29 Observasjonar av mispel, Asplan Viak 2026

Blankmispel *(Cotoneaster lucidus*), bulkemispel (*Cotoneaster bullatus*), dielsmispel (*Cotoneaster dielsianus*), krypmispel (*Cotoneaster horizontalis*), sprikemispel (*Cotoneaster divaricatus*).

Me omtaler her misplane samla, då dei har sterke fellestrekk når det gjeld spreiing og tiltak. Misplane dannar som regel mykje bær som er attraktive for fuglar, som kan spreie frøa over store område. Me omtaler her misplar som er kategoriserte som svært høg risiko (SE) i Framandartslista. Målsettinga til Miljødirektoratet er å utrydde artane frå område med raudlista naturtypar.

Mispel blei funne på dei fleste områda, men desidert mest på nordsida av Storelva i Sauda, frå Kastfoss og inn mot sentrum. I andre område er det så få førekomstar at fjerning av enkeltplanter vil vera realistisk og overkommeleg å gjennomføre. Kommunen bør prioritera område i og nær verdifull natur for å redusera spreiingspresset, og fjerning av spreidde førekomstar som enkelt kan fjernast før nye område blir kolonisert. Oppgraving/jekking og sprøytemiddel/pensling er aktuelle tiltak.

Prioriteringar for mispel

1. Fjerne førekomstar nær verdifulle naturtypar
2. Fjerne førekomstar på lokalitetar med svært få misplar
3. Fjerne planter ved høve

7.4. Hekkspirea/klasespirea/bleikspirea



Figur 30 Observasjonar av spirea, Asplan Viak 2026

Hekkspirea og klasespirea blei funne mange plasser i kommunen, og gjerne i større grupper. Dei fleste plassane har dei antakeleg følgt med tippmassar eller spreidd seg frå hagar og anlegg. Spirea spreier seg hovudsakleg med rotutløperar/rotbitar, så spreiingspotensialet er meir avgrensa.

Hekkspirea (Spiraea salicifolia) spreier seg med rotskot og noko med frø, og er klassifisert som høg risiko (HI) i Framandartslista.


Klasespirea (Spiraea x biliardii) og bleikspirea (Spiraea x rubella) spreier seg effektivt med rotskot, men sett ikkje frø, og er sett som svært høg risiko (SE) i Framandartslista.

Artene sin negative økologiske effekt er knytt til fortrenging av sårbare arter på flommark. Førekomstar nær vassdrag, flommark og sumpskog bør fjernast. Aktuelle tiltak er oppgraving og luking med oppfølging av skotvekst dei neste sesongane, eller nedklypping kombinert med tildekking/utarming.

Prioriteringar for hekkspirea/klasespirea/bleikspirea

1. Fjerne førekomstar nær vassdrag, flommark og tilsvarande
2. Hindre spreiing, ha kontroll med massehandtering

7.5. Buskhyll/rødhyll



Figur 31 Observasjonar av buskhyll, Asplan Viak 2026

Buskhyll (Sambucus racemosa) er ein busk kategorisert som svært høg risiko (SE) i Framandartslista. Arten formeirar seg med frø og sett store mengder bær som blir spreidd med fugl. Det blei observert eit stort tal buskhyll på dei fleste områda me registrerte.

Målsettinga til miljødirektoratet er å utrydde arten frå heile landet, alternativ frå alle område med raudlista natur. Aktuelle tiltak er hogst og pensling med plantevernmidlar eller hogst og oppgraving. Kost-nytte-perspektivet tilseier at det bere er fjerning av førekomstar i område med raudlista natur som bør prioriterast.

Kommunen bør fjerne platanlønn langs Storelva i området som er registrert som naturtype av høg lokalitetskvalitet, naturtype frisk lågurtedellauvskog, registrert i Naturbase i 2024. Her var det mykje buskhyll.

Prioriteringar buskhyll

1. Fjerne førekomstar i og nær raudlista natur og verdifulle naturtypar

7.6. Fagerfredløs



Figur 32 Observasjonar av fagerfredløs, Asplan Viak 2026

Fagerfredløs (Lysimachia punctata) er ein fleirårig urt som er kategorisert som svært stor risiko (SE) i Framandartslista. Fagerfredløs spreier seg svært effektivt med jordstenglar.

Miljødirektoratet si målsetting er å utrydde arten frå heile landet. Oppgraving og luking er aktuelle tiltak, men kost-nytte-verdien er vurdert til låg.

Fagerfredløs blei berre funne i mindre områder med unntak av tomt ved Treaskjæret, som typisk hageutkast. Dei mindre førekomstane bør kunne lukast enkelt, og følgast opp over nokre vekstsesongar for å sjekke at ein har fått med seg alt. Den større førekomsten bør antakeleg klippast ned jamleg og utarmast, ev. kan ein grave opp og deponere massane kontrollert. Spreier seg hovudsakleg med rotutløparar/rotbitar, så spreiingspotensialet er meir avgrensa. Små førekomster bør fjernast, store kan holdast under oppsyn og sikrast mot at ein køyrer vekk massar med rotmateriale.

Prioriteringar fagerfredløs

1. Fjerne små førekomstar
2. Hindre ytterlegare spreiing på store førekomster, ha kontroll på masseflytting

7.7. Filtarve




Figur 33 1.1. Observasjonar av filtare, Asplan Viak 2026

Filtarve (*Cerastium tomentosum*) er ei staude som ikkje er lov å plante i Noreg, og er kategorisert som svært stor risiko (SE) i Framandartslista. Dette er ei typisk hageplante som spreier seg med jordstenglar som rotslår seg, men også med frø. Det er først og fremst ein trussel for open grunnlendt kalkmark i boreonemoral sone, noko ein har registrert ein liten førekomst av i Sauda, på Sønnåhaugen. Lokaliteten er av moderat kvalitet på grunn av storleiken, og det er ikkje funne habitatspesifikke raudlisteartar der. Me fann to små lokalitetar med filtarve på offentlege/kommunale område på Treaskjæret (rute 16) og Storflåt/Sandvikdalen (rute 7).

Plantene bør fjernast då førekomstane er små og bør vere enkle å fjerne. Nye funn bør fjernast fortløpande. Hovudmålsetting for Miljødirektoratet er å utrydda dei i område med raudlista naturtypar.

Prioriteringar for filtarve

1. Fjerne førekomstar nær verdifulle naturtypar
2. Fjerne førekomstar ved høve



Figur 34 Naturtype open grunnlendt kalkrik mark, middels lokalitetskvalitet, Naturbasekart 08.10.26 https://kart.naturbase.no/Næraste lokalitet for fremmedart i raudt.


7.8. Gravmyrt



Gravmyrt (Vinca minor) er ei vintergrøn krypande staude som er kategorisert som svært høg risiko (SE) i Framandartslista, og er ikkje lov å planta i Noreg. Planta spreier seg med krypande jordstenglar som rotslår seg, og med rotbitar, først og fremst via hageutkast. Arten dannar tette tepper som kan kvele annan låg vegetasjon.

Målsettinga til miljødirektoratet er å utrydde planta frå område med raudlista naturtypar. Kostnader knytt til fjerning av arten blir vurdert som svært høge, og tiltaka er krevjande.

Gravmyrt blei bere funne ein stad, som typisk hageutkast. Området ligg i bratt skråning, og kan kuttast ned og leggast tett duk over for å utarme røtene i bakken. Det kan også være nødvendig med punktluking etterpå. Spreier seg hovudsakleg med rotutløparar/rotbitar, så spreiingspotensialet er meir avgrensa. Funnet ligg eit stykke frå næraste viktige naturtype (frisk lågurtedellauvskog av moderat kvalitet, sjå figur), og bekken ved lokaliteten renn ut eit stykke sør for naturtypelokaliteten.




Figur 35 Naturtype frisk lågurtedellauvskog, moderat lokalitetskvalitet, Naturbasekart 08.10.26 https://kart.naturbase.no/ Raudt punkt viser kor gravmyrt blei funne.

Prioriteringar for gravmyrt

1. Hindre spreiing til raudlista naturtypar, kontroll over massehandtering

7.9. Hagelupin



Figur 36 Observasjonar av hagelupin, Asplan Viak 2026

Hagelupin (*Lupinus polyphyllus*) er ei kortliva staude, klassifisert som svært høg risiko (SE) i Framandartslista, og er ikkje lov å plante i Noreg. Hagelupin har lang levetid på frø i jorda og plantene endrar næringssamansetninga i jorda.

Miljødirektoratet har som mål å utrydde hagelupin i raudlista naturtypar over heile landet. Arten er spreidd over store deler av landet, og det blir rekna som for ressurskrevjande å utrydde ho overalt.

I område med funn av hagelupin bør ein ha kontroll med masseforflytting slik at en ikkje spreier frøbanken til andre område, særleg raudlista naturtypar. Det største arealet som ble funne med hagelupin var ved masseuttaket ved Birkedalsmoane, (kartrute 31). Andre funn var i stor grad område der det var fylt massar langs vegar og leikeplass til dømes. Det kan godt tenkast at masseuttaket er hovudkjelda for dette. Det bør vurderast tiltak her, enten i form av nedkjemping, nedklypping for å hindre frøspreiing og/eller kontroll med massehandtering.

Prioriteringar for hagelupin

2. Hindre spreiing vidare, kontroll over massehandtering
3. Fjerne førekomstar nær verdifulle naturtypar
4. Fjerne førekomstar ved høve

7.10. Hestekastanje



Figur 37 Observasjonar av hestekastanje, Asplan Viak 2026

Hestekastanje (*Aesculus hippocastanum*) er eit lauvfellande tre som er oppgitt som høg risiko (HI) i Framandartslista. Arten har ingen dokumenterte negative økologiske effektar i norsk natur i dag. Bør likevel fjernast ut frå føre-var-prinsippet der han er spreidd utanfor park- og hageområde, sidan det er få funn og er enkel å fjerne.

Prioriteringar for hestekastanje

1. Fjerne førekomster utanfor parkar og hagar

7.11. Buskmure

Buskmure (*Dasiphora fruticosa, tidlegare Potentilla fruticosa*) er ein busk kategorisert som potensiell høg risiko, PH i Framandartslista. Det blei berre funne ei småplante ved parkeringa ved Gunnarsmoen gravplass, som bør fjernast.

Prioriteringar for buskmure

1. Fjerne førekomst

7.12. Honningknoppurt



Figur 38 Observasjonar av honningknoppurt, Asplan Viak 2026

Honningurt (*Cyanus montanus*) er ei langliva staude som er kategorisert som svært høg risiko (SE) i Framandartslista. Planta spreier seg med underjordiske utløparar og frø, og finst ofte langs vegar.


Miljødirektoratet si målsetting er å utrydde planta frå heile landet. Dei har vurdert at kost-nytte-effekten er låg fordi tiltak er kostbare og arten har middels økologisk effekt.

Me fann honningurt berre på eit område, i bustadfeltet Storflåt/Sandvikdalen. Her er spreiinga langs vegkant frå hagar, og det kan vera fornuftig å informere hageeigarar om at dei har artar i hagane sine som dei må halde eit auge med.

Prioriteringar for honningknoppurt

2. Fjerne mindre lokalitetar
3. Informere hageeigarar om plikt til å hindre spreiing

7.13. Haustberberis



Figur 39 Observasjonar av haustberberis, Asplan Viak 2026

Haustberberis (*Berberis thunbergii*) er ein busk som er kategorisert som svært høg risiko (SE) i framandartslista, og er ikkje lov å plante i Noreg. Arten spreier seg med bær og fuglar, men også med grein- og rotbitar.

Miljødirektoratet si målsetting er å utrydde arten frå heile landet. Aktuelle tiltak er oppgraving, luking/kapping kombinert med plantevernmidlar. Kostnadane med dette er høge, og rapport M-2156 har ikkje konkludert.

Haustberberis blei funne sporadisk over heile området, men spesielt mykje i området Austarheim. Dette er typisk for bustadområde frå 60- 70-talet då haustberberis var populære hageplanter. Arten spreier seg med bær, og har svært skarpe tornar som skaper ugjennomtrengelege kratt. Det blei også observert stor spreiing av haustberberis i naturområda nord for Austarheim. Den beste metoden for å fjerne berberis er å grave opp rota/jekke opp rota. Slike tiltak bør vurderast stadvis for å unngå at viktige berberis spreier seg inn i viktige turområde.

Prioriteringar for haustberberis

1. Fjerne førekomstar nær verdifulle naturtypar
2. Fjerne enkeltførekomstar i område med få funn
3. Fjerne førekomstar i viktige turområde
4. Fjerne alle førekomstar

7.14. Laurbærhegg

Laurbærhegg (Prunus laurocerasus), vintergrønt busk som er oppgitt som høg risiko (HI) i framandartslista. Plantene spreier seg med rotskot, men sett nå også modne frø langs kysten på sørvestlandet. Klimaendringar kan gjera at denne arten kan bli ein trussel i rikare skogstypar, slik det i dag er i varmare klima.

Prioriteringar for laurbærhegg

1. Fjerne førekomster som ikkje er i hagar, park- og veganlegg

7.15. Lawsonsypress

Vintergrønt tre vurdert til låg risiko (LO) i framandartslista. Bør fjernast ut frå føre-var-prinsippet, berre eit enkeltfunn.

7.16. Rododendronslekta

Rododendronslekta har mange artar som kan vera problematiske i Noreg. Miljødirektoratet anbefaler fjerning av arten frå heile landet (med unntak av heimehøyrande art, ikkje aktuell i Sauda). Ut frå føre-var-prinsippet bør førekomster fjernast.

Prioriteringar for rododendron

1.Fjerne førekomster som ikkje er i hagar, park- og veganlegg

7.17. Japanspirea



Figur 40 Observasjonar av japanspirea, Asplan Viak 2026

Japanspirea (Spiraea japonica) er ein mykje brukt hage- og anleggsbusk som er kategorisert som potensiell høg risiko (PH) i framandartslista, og spreier seg med plantedelar og frø.

Japanspirea blei funne mange plasser i kommunen, men som regel som oftast som enkeltindivid, ikkje i store grupper. Berre på Treaskjæret blei det funne større mengder på same staden – der kan dei ha fylgt med utfyllingsmassar. Dei fleste plassane har dei antakeleg spreidd seg frå hagar og anlegg med frø. Planter bør fjernast ut frå føre-var-prinsippet

Prioriteringar for japanspirea

1. Fjerne førekomstar nær verdifulle naturtypar
2. Fjerne enkeltførekomstar

7.18. Kanadagullris



Figur 41 Observasjonar av kanadagullris, Asplan Viak 2026

Kanadagullris (Solidago canadensis) er ei staude som er kategorisert som svært høg risiko (SE) i framandartslista, og er forbode å plante i Noreg. Planta spreier seg med frø og krypande jordstengler, og hybridiserar med ville arter.


Målsettinga til Miljødirektoratet er å hindre ytterlegare spreiing av arten.

Kjempegullris (*Solidago gigantea serotina*) er ein annan framandart som kan forvekslast med kanadagullris, men er blant anna større i vekst. Kjempegullris er i motsetning til kanadagullris vurdert til låg risiko (LO) i framandartslista. Denne arten bør også fjernast dersom han har spreidd seg i naturen, og ein kan sjå dei under eitt.

Prioriteringar for kanadagullris

3. Fjerne mindre lokalitetar
4. Ved nye, større lokalitetar: Hindre spreiing vidare, kontroll over massehandtering

7.19. Kjempespringfrø



Figur 42 Observasjonar av kjempespringfrø, Asplan Viak 2026

Kjempespringfrø (*Impatiens glandulifera*) er ei eittårig plante som liker seg på fuktig mark, og spreier seg svært effektivt med frø. Planta er klassifisert som svært høg risiko (SE) i framandartslista, og er ikkje lov å plante i Noreg.

Miljødirektoratet har som målsetting å utrydde arten frå heile landet, men dei vurderer at kostnadane ved nedkjemping er så store at det er meir aktuelt å bruke massehandtering for å hindre vidare spreiing.

I Sauda kommune er førekomsten av kjempespringfrø ved Rødstjørna av eit enormt omfang, og krev tiltak og særleg oppfølging over tid. Me fann ikkje kjempespringfrø andre stadar i registreringsområdet, og arten har ingen andre registreringar i Artskart i Sauda kommune

Det er lite kjempespringfrø langs austsida og sørsida av vatnet.

Kommunen bør ha fokus på å ha kontroll med masseforflytting frå området slik at frøbanken ikkje spreier seg vidare til resten av kommunen. Me registrerte ikkje funn andre stader i kommunen. Ryfylke vassområde gjennomførte ei registrering av områda nedstraums Rødstjørna parallelt med våre registreringar, og fann også store mengder kjempespringfrø langs bekkedrag og grøfter.

Kommunen bør utarbeide ein tiltaksplan for handtering av kjempespringfrø i Saudasjøen. Yttergrensene av spreiinga bør fastsettast slik at kommunen kan ha kontroll med masseforflytting frå området før planta er fjerna. I tiltaksplanen bør det også inngå kva metodar som er overkommelege å gjennomføre, i kva rekkefølge dei bør utførast og kor ofte. Nedkutting, beiting og luking kan brukast i kombinasjon. Kjemiske sprøytemidlar bør ikkje nyttast langs vassvegar. Kjempespringfrø kan ha opptil 4 frøsettingar per år, og krev regelfast nedkjemping for å bli kvitt, men frøa er ikkje spesielt langliva. Plantene er lette å luke/fjerne, men veks ofte på utilgjengelege stader langs bekkar, grøfter og ulendt terreng. Sidan planta er eittårig, bør ein gjere tiltak over minimum 2 år, med oppfølging 3. året for å sjekke at alt er fjerna.

Dersom kjempespringfrø blir oppdaga i andre stader i kommunen, bør plantene straks fjernast.

Oslo kommune har eigen handlingsplan for kjempespringfrø. Målselv og Senja kommune har også hatt positiv erfaring med fjerning av kjempespringfrø.

Prioriteringar for kjempespringfrø

1. Hindre spreiing vidare, kontroll over massehandtering ut av området
2. Fjerne straks dersom utanfor hovudområdet
3. Vurdere tiltak i området for å fjerne arten: krev ressursar, god planlegging og oppfølging

7.20. Parkslirekne



Figur 43 Observasjonar av parkslirekne, Asplan Viak 2026

Parkslirekne (Reynoutria japonica) er ei fleirårig plante som spreier seg svært effektivt med rotskot, og små rotfragment er nok til å danne nye planter. Planta er klassifisert som svært høg risiko (SE) i framandartslista, og er ikkje lov å plante i Noreg.

Miljødirektoratet har som mål å utrydde planta frå Noreg, eventuelt hindre arten i å spreie seg vidare. Kostnader av tiltak er høge, og fjerning i stor skala har avgrensa nytte. Dersom ein ikkje kan følgje opp over tid, er det betre å unngå tiltak, då ein har erfaring med at delvis gjennomført fjerning stimulerer vekst. Parkslirekne blir rekna som ressurskrekrevande fordi små rotbitar kan overleva i lang tid og på stort jorddjup, og gjer deponering av planteavfallet vanskeleg og kostbart. Det er difor viktig å unngå masseforflytting til nye områder.

Mindre lokalitetar som er vanskelege å halda oppsyn med bør prioriterast fjerna, særleg om det er i område ein flyttar masse, eller er nær verdifulle naturtypar. Fleire stader er førekomstane små. Den største førekomsten er i sentrum, langt nede i vassvegen. Her er det mogleg å kontrollere vidare spreiing ved å halde førekomsten under oppsyn.

Vurdere fjerning: Lokalitetane på massetippen nedanfor renovasjonsanlegget (rute 41) er aktuelle for fjerning. Dei er små, og ligg på baksida av deponerte masser i område som ikkje blir skjøtta og er vanskeleg å komme til med vanlege køyretøy.

Lokaliteten på tomta til renovasjonen (rute 42) er aktuell for fjerning, mens den i skråninga kan holdast under oppsyn og kontrollerast i omfang/hindrast å spreie seg.


Lokalitetane på skytebanen (rute 1) kan vurderast å fjernast eller haldast under oppsyn.

Lokaliteten ved sjøen på Treaskjæret (rute 17) kan vurderast å fjernast eller haldast under oppsyn, avhengig av om fyllingane planta står i kan haldast urørt eller ikkje.

Prioriteringar for parkslirekne

2. Hindre spreiing vidare, kontroll over massehandtering
3. Fjerne lokalitetar nær verdifulle naturtypar
4. Fjerne lokalitetar ein ikkje klarer å ha tilstrekkeleg oppsyn med
5. Fjerne lokalitetar når ein har ressursar til oppfølging over tid

7.21. Platanlønn



Figur 44 Observasjonar av platanlønn, Asplan Viak 2026

Platanlønn (Acer platanoides) er eit lauvfellande tre som er kategorisert som svært høg risiko (SE) i framandartslista. Platanlønn spreier seg berre med frø, men sett ikkje frø før dei er rundt 15 år. På grunn av at den ikkje spreier seg med rotskot er det lettare å nedkjempe platanlønn, spesielt om ein både tar ut store reproduserande tre og nappar opp/kutter ned alt av nye skot.

Miljødirektoratet har som mål å fjerne arten i heile landet, då kostnadane ved tiltak er overkommelege. Så lenge planta er lov å plante, får ein ikkje fjerna alle førekomstane. Dermed er det mest aktuelt å prioritera utrydding i raudlista natur.

Platanlønn er ein gjengangar i alle område som er registrert. Arten har ikkje vanskeleg å ta knekken på, men på grunn av omfanget og at dei veks villig opp etter nedkutting, kan omfanget likevel vere stort og arbeidskrevjande. Platanlønn er ein art som har vore lenge i landet, men som er definert som framande artar som skal risikovurderast fordi det foreløpig ikkje er dokumenter at dei har formert seg på eiga hand før år 1800. Det bør prioriterast å halde platanlønn vekk frå område med mykje varmekjære treslag som alm, ask og eik, som er særeigne for Sauda. Ringbarking av større tre, bruk av plantevernmiddel, nedskjering og utarming ved fjerning av nye skot er aktuelle tiltak.

Kommunen bør fjerne platanlønn langs Storelva i området som er registrert som naturtype av høg lokalitetskvalitet, naturtype frisk lågurtedellauvskog, registrert i Naturbase i 2024. Det er viktigast å fjerne store tre som sett frø.

Prioriteringar for platanlønn

1. Fjerne førekomster i og nær raudlista naturtypar og verdifulle naturtypar
2. Fjerne store tre som sett mykje frø
3. Fjerne alle førekomster

7.22. Storsurbær

Storsurbær (xSorbaronia mitschurinii), er ein lauvfellande busk med høg risiko (HI) i følgje framandartslista. Det blei berre funne ein lokalitet, som bør fjernast ut frå føre-var-prinsippet.

7.23. Rogneple

Rogneple (*Malus sargentii var. toringo*) er ein lauvfellande busk med høg risiko (HI) i følgje framandartslista. Det blei berre funne ein lokalitet, som bør fjernast ut frå føre-var-prinsippet.

7.24. Blåhegg

Blåhegg (*Amelanchier spicata*) er ein lauvfellande busk med svært høg risiko (SE) i følgje framandartslista. Det blei berre funne ein lokalitet, som bør fjernast ut frå føre-var-prinsippet.

7.25. Rynkerose



Figur 45 Observasjonar av rynkerose, Asplan Viak 2026

Rynkerose (Rosa rugosa) er ein busk i rosefamilien. Planta er klassifisert som svært høg risiko (SE) i framandartslista, og er ikkje lov å plante i Noreg.

Målsettinga til Miljødirektoratet er å utrydde planta frå områder med raudlista natur (sjå kartutsnitt for filtarve).

Rynkerose er ikkje eit stort problem i Sauda, og me fann han bere to stader, ved sjøen ved Treaskjæret, rute 16). Difor bør ein også prioritera å fjerna førekomsten. Planta bør gravast vekk. Dersom det er vanskeleg å få til, kan nedkapping i kombinasjon med sprøyting eller varmtvatn/damping vera aktuelt.

Prioriteringar for rynkerose

3. Fjerning frå kjente lokalitetar

7.26. Sibiriris



Figur 46 Observasjonar av sibiriris, Aslan Viak 2026

Sibiriris (Iris sibirica) er ei langliva urt kategorisert som potensielt høg risiko (PH) i framandartslista. Sibiriris spreier seg først og fremst med rotbitar som følger med hageavfall og jordmassar.

Miljødirektoratet si målsetting er å utrydde arten frå heile landet, sjølv om dei også meiner nytteverknaden er avgrensa. Kostnader ved fjerning er små og avgrensa.

Områda me fann sibiriris på var i tilknyting til park- og hageareal, antakeleg hagerømlingar eller hageutkast.

Prioriteringar for sibiriris

1. Fjerning (luking)

7.27. Sitkagran



Figur 47 Observasjonar av sitkagran, Asplan Viak 2026

Sitkagran (Picea sitchensis) er eit bartre som er oppgitt som svært stor risiko (SE) i framandartslista. Sitkagran har stor negativ økologisk innverknad på svært mange naturtypar, og bør fjernast i tråd med føre-var-prinsippet.

Prioriteringar for sitkagran

1. Fjerning nær viktige naturtypar
2. Fjerning av alle førekomstar

7.28. Skogskjegg



Figur 48 Observasjonar av skogskjegg, Asplan Viak 2026

Skogskjegg (Aruncus dioicus) er klassifisert med svært høg risiko (SE) i framandartslista. Skogskjegg er ei gammal hagestaude som spreier seg med rotbitar og frø. Frøformeiring skjer bere når det er både hoplanter og hannplanter til stades. Me observerte mange eldre hagar med skogskjegg i Sauda kommune.


Miljødirektoratet har som mål å utrydde arten frå heile landet, og at det er relativt enkelt å nedkjempe utan for store kostnader. Så lenge den er lov å bruka i hagar, vil ein ikkje fjerne arten totalt. Hannplanta har større prydverdi enn hoplanter, så alternativ kan ein oppmode til fjerning av hoplanter.

Kommunen bør fjerne skogskjegg, særleg langs Storelva i området som er registrert som naturtype av høg lokalitetskvalitet, naturtype frisk lågurtedellauvskog, registrert i Naturbase i 2024.

Prioriteringar for skogskjegg

1. Fjerne førekomstar nær verdifulle naturtypar, særleg næringsrike skogtypar
2. Fjerne hoplanter (eventuelt fjerne blomstring før frøsetting)
3. Fjerne hannplanter (eventuelt fjerne blomstring før frøsetting)
4. Fjerne alle planter
5. Oppfordre hageeigarar til å fjerne hoplanter for å hindre frøsetting, eller fjerne blomstrane før frøsetting.

7.29. Snøbær



Figur 49 Observasjonar av snøbær, Asplan Viak 2026

Snøbær (Symphoricarpus albus) er ein busk kategorisert som høg risiko (HI). Arten spreier seg med rotbitar, rotskot og frø/bær. Ofte spreier han seg via hageutkast og flytting av masser. Ein har ikkje funne at arten har hatt negativ effekt på naturtypar i Noreg.

Målsettinga til miljødirektoratet er å fjerne arten frå heile landet. Luking og kapping med påfølgande bruk av plantevernmiddel eller oppgraving er aktuelle tiltak.

Førekomstane me registrerte var såpass små og få at me anbefaler fjerning ut frå føre-var-prinsippet og kost-nytte-forhaldet.

Prioriteringar for snøbær

1. Fjerning av små og få førekomster

7.30. Stikkelsbær

Stikkelsbær (Ribes uva-crispa) er ein bærbusk med tornar som er kategorisert som potensielt høg risiko (HI) i framandartslista. Arten spreier seg som hageutkast og med frø/bær som spreier seg vidare med fugl. Arten er i følgje artsdatabanken totalt naturalisert, og ein kjenner ikkje til at arten skader norsk natur.

Det er ikkje nødvendig å fjerne førekomstar ut frå kunnskapen ein har i dag, men ein må følgje med på ny informasjon om arten i framtida.

7.31. Sølvtvetann

Sølvtvetann (Lamiastrum galeobdolon subsp. argantatum) er ei hageplante med utløparar og frø. Planta er satt til høg risiko (HI) i framandartslista, og blir oftast spreidd med hageutkast. Me har bere ein observasjon av arten, der det tydeleg er ein hagerømling. Planta kan dominere feltsjiktet i skog, og kan fortrenge stadeigne artar, også nær trua og trua artar.

Prioriteringar for sølvtvetann

1. Fjerning av førekomst ved høve

7.32. Såpeurt

Såpeurt (*Saponaria officinalis*) er ei hageplante stort sett spreier seg med jordstenglar. Planta er satt til potensielt høg risiko (PH) i framandartslista, og blir oftast spreidd med hageutkast og flytting av jord. Arten har ikkje påvist negativ økologisk effekt, men bør fjernast dersom på grunn av føre-var-prinsippet om ein har sjans til det.

Prioriteringar for såpeurt

1. Fjerning av førekomst ved høve


7.33. Tuja

Tuja *(Thuja occidentalis*) er ei vintergrøn plante satt til høg risiko (HI) i framandartslista. Me gjorde berre nokre få observasjonar av tuja, der me antar at det er hageutkast. Planter som ikkje er i hagar og parkar bør fjernast ut frå føre-var-prinsippet.

Prioriteringar for tuja

1. Fjerne førekomster som ikkje er i hagar og parkanlegg

7.34. Vestamerikansk hemlokk



Figur 50 Observasjonar av vestamerikansk hemlokk, Asplan Viak 2026

Vestamerikansk hemlokk (Tsuga heterophylla) er eit vintergrønt tre som er satt til svært høg risiko (SE) i framandartslista. Den er særleg invaderande i skog med edellauvtre og blandingsskog.

Målet til miljødirektoratet er å fjerne arten i frå heile landet. Nødvendige tiltak blir sett på som omfattande, særleg sidan ein har plantefelt som heile tida produserer meir frø.

Alle funna av hemlokk er i tilknyting til plantefelt, og er småplanter. Det bør haldast oppsikt med området rundt Brendåsen, slik at ein hindrar oppslag i naturtypen.

Prioriteringar for hemlokk

1. Fjerne førekomster i/nær viktige naturtypar
2. Fjerne førekomster i/nær edellauvskog og blandingsskog

7.35. Artar som ikkje er heimehøyrande i Sauda

Vanleg gran (Picea abies) og ulike lerketypar (Larix sp.) er artar som ikkje er kategorisert som framande artar i Noreg, men som ikkje har kome seg til Sauda på eiga hand. Me observerte mange gran og noko lerk som har spreidd seg frå plantefelt. Desse bør fjernast når ein har høve til det, spesielt i naturområde med mykje varmekjære treslag som alm, ask og eik, og i viktige naturområde som furukollane på Brendeåsen.

Spisslønn (Acer platanoides) er også ein art som ikkje er heimehøyrande i Sauda, men som ikkje blir rekna som ein framand art i Noreg. Arten oppfører seg relativt likt platanlønn, og det er ikkje særs viktig å skilje mellom spisslønn og platanlønn dersom ein utfører tiltak og syns det er vanskeleg å sjå forskjell på dei.

8. Vedlegg

Vedlegg 1 Kart over utvalde ruter for kartlegging

Vedlegg 2 Notat 10.09.26 Kartlegging av kjempespringfrø – Saudasjøen, Ryfylke vassområde

9. Kjelder

- Artsdatabanken, artsvurderingar, artsdata https://artsdatabanken.no
- Naturbase, kart https://kart.naturbase.no
- Info rødlista naturtyper i kart: https://artsdatabanken.no/naturtyper/rodlista-naturtyper/om-rodlista/fordypning/vises-rodlista-naturtyper-i-kart
- *Naturtyper etter Miljødirektoratets instruks. Dokumentasjon av sentral økosystemfunksjon* (NINA Rapport 1781). Norsk institutt for naturforskning. Tilgjengeleg frå: https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1653/m1653.pdf
- *Bekjempelse av fremmede karplanter: Kostnader og nytte ved tiltak mot 65 arter* (Rapport M-2156). Tilgjengeleg frå: https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2022/februar/M2156/


asplan viak